

### Fråsegn frå Sogn og Fjordane Mållag om ny regionen på vestlandet

Styret i Sogn og Fjordane Mållag var samla til styremøte på Skei 17.01.17 og der vart namnet på den nye regionen på Vestlandet diskutert. Følgjande fråsegn vart vedteken:

#### Namnet må bli Bjørgvin

Sogn og Fjordane Mållag registrerer at det er inngått intensjonsavtale om samanslåing av fylka Sogn og Fjordane og Hordaland.

Vi er svært nøgde med at nynorsk er vedteke som administrasjonsspråk i den nye regionen, men vi er mindre nøgde med namnet som forhandlingsdelegasjonane er blitt samde om.

Vestlandet omfattar i dag fire fylke; Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. To av desse har altså vedteke samanslåing og samtidig bestemt seg for å legge beslag på fellesnemnaren Vestlandet. Dette blir etter vårt syn heilt feil, då halvparten av Vestlandet står utanfor.

Vi dristar oss til å hevde at det å bruke Vestlandet som namn, er både fantasilaust og historielaut. Det finst andre namn som er mykje meir dekkande enn Vestlandet.

Vi vil minne om at Hordaland og Sogn og Fjordane var eitt amt fram til 1763, og at namnet var Bergenhus amt. Vi kjem no tilbake til utgangspunktet, det gamle amtet, og det kunne såleis vere freistande å føreslå Bergenhus som namn på den nye regionen.

Men det finst eit anna namn som er minst like historisk korrekt, nemleg **Bjørgvin**. Namnet finst i skriftlege kjelder frå 1349 og i andre former av namnet endå lenger tilbake. Bjørgvin har også vore namn på bispedømet som i dag omfattar Hordaland og Sogn og Fjordane, offisielt frå 1918, men eigentleg mykje lenger.

Eit namn som har overlevd Svartedauden er godt kvalifisert til å bli namnet på den nye regionen.

Med Helsing

Sogn og Fjordane Mållag

Aud Lunde (leiar)